

Ljøsne 08.10.2018

Til
Lærdal kommune
v/konst. Rådmann Arne Johansen
Postboks 83
6886 Lærdal

Støtte til førarkort for flyktningar og norskopplæring for arbeidsinnvandrere

I ein periode på 4 år har Lærdal kommune teke i mot flyktningar som har fått opphaldstillating i Noreg. Til saman har det komme 64 flyktningar frå landa Syria, Eritrea, Somalia, Jemen, Iran og Irak til Lærdal. Dessa tala omfattar også fødsler etter at dei er komne til Lærdal. Det er ei kommunal oppgåve å busetja og integrera alle flyktningar som har fått opphaldstillating i Noreg. Målet er at Lærdal skal vera blant dei beste kommunane på dette arbeidet!

Me gjorde eit fornuftig grep då me vedtok å etablere vaksenopplæring i Lærdal. Å ha dette tilbodet i nærleiken er bra med tanke på tidsbruk og at me skapar arbeidsplassar i eiga bygd. Det er med på å styrke integreringsarbeidet når ressursane er samla på ein stad. Når flyktningane har vore gjennom introduksjonsprogrammet er målet at dei skal ta til i ordinært arbeid og ha gode norskspråklege ferdigheiter.

Senterpartiet har heile tida meint at me skal ta heile bygda i bruk for å busetja flyktningar. Det har ikkje skjedd, og grunnen er stort sett at dei ikkje har førarkort slik at dei kan komma seg rundt på dei aktivitetane dei skal delta på. Lærdal Senterparti ynskjer at det vert løyvd midlar på flyktningefondet til støtte til førarkortopplæring. Å ta førarkort er dyrt, og dei som kjem hit som flyktningar har ikkje ressursar til dette på eiga hand.

Det er fleire gode argument for å gje støtte til førarkort:

- Førarkort er ei nødvendigeheit for den som bur på bygda.
- Lærdal er ein del av ein felles bu- og arbeidsmarknad med Årdal, Aurland, Sogndal og dels også Leikanger, Luster, Hemsedal og Vang. Bil gjer kvardagen lettare med å komma seg rundt.
- Moglegheit for å busetja seg kvar ein vil i bygda.
- Eitt steg inn i arbeidsmarknaden innanfor transportnæringa.
- Køyra ungane til trening og aktivitetar.
- Viktig for integreringa og sjølvkjensla til den einskilde flyktning.

Lærdal Senterparti meiner at dette er god bruk av midlar frå flyktningefondet og eit godt bidrag for å gjera den einskilde flyktning sjølvhjelpen.

I ei tid der straumen av flyktningar til Noreg har gått mykje ned, kan det truga tilbodet på vaksenopplæringa i kommunen; det kjem ikkje til nye elevar. I bygda er det mange framandarbeidarar, spesielt i sommarsesongen. Nokre av dei kan nok tenkja seg å finna seg meir permanent jobb i Lærdal og flytta hit. Då er norskferdigheiter viktig. Senterpartiet ynskjer at det vert løyvd midlar frå næringsfondet som støtte til

norskopplæring for arbeidsinnvandrere i Lærdal.

Vonar administrasjonen i Lærdal vil utarbeida saker på støtte til førarkort for flyktningar og norskopplæring for arbeidsinnvandrere.

Med vennleg helsing

Viktor Yttri

Lokallagsleiar Lærdal Senterparti